



Arkivnr: 2016/4239-28

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

## Godkjenning av årsrekneskap 2016

### Samandrag

Rekneskapen for Hordaland fylkeskommune 2016 vert med dette lagt fram til godkjenning.

### Forslag til innstilling

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune for 2016 vert godkjend.

2. Overskotet vert disponert slik:

Finansiering av investeringar / redusert låneopptak	68 400 000
Fond for investering i ferjekaiar	40 000 000
Tilleggsløyvingsskonto fylkesutvalet	750 000
Disposisjonsfond (fritt)	27 691 048
<b>SUM</b>	<b>136 841 048</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Årsrekneskap og årsmelding for 2016 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet
- 2 Revisjonsberetning Hordaland fylkeskommune 2016
- 3 Uttale frå kontrollutvalet på årsrekneskapen 2016 for Hordaland fylkeskommune
- 4 Rekneskap 2016 Hordaland fylkeskommune - Del 1

**Fylkesrådmannen, 09.05.2017****Rekneskapsresultat**

Driftsrekneskapen for 2016 vart gjort opp med eit overskot på 136,8 mill. kr.

Netto driftsresultat auka frå til 171,9 mill. kr (2,1 %) i 2015 til 248,3 mill. kr (2,9 %) i 2016.

**Avsetjingar og bruk av disposisjonsfond**

Ein kan gje slikt oversyn over avsetjingar og bruk av disposisjonsfond i 2016:

	kr 1 000		
	Avsetjing	Bruk	Netto
Regionalavdelinga	4 019	-60	3 959
Kultur	12 979	-13 904	-925
Tannhelse		-7 224	-7 224
Opplæring / skolar	19 645	-51 393	-31 748
Fellesfond	68 756	-5 700	63 056
Finansiering av investeringar		-62 300	-62 300
<b>Total</b>	<b>105 399</b>	<b>-140 581</b>	<b>-35 182</b>

Disposisjonsfond er reduserte med 35,2 mill. kr gjennom året. Både tannhelse og opplæring har redusert sine fond. Dessutan er det brukt 62,3 mill. kr av disposisjonsfond til finansiering av investeringar.

I budsjettsaka for 2017 vart det teke til orde for ei viss innstramming i ordninga med at skolar og tannhelsedistrikt får avsetje overskot til disposisjonsfond. Ein føresetnad for å setje av innsparte midlar til disposisjonsfond burde vere at sektoren samla ikkje kom ut med underskot.

Fylkesrådmannen har kome til at det ikkje var behov for å stramme inn praksisen alt ved rekneskapsavslutninga i 2016. Fylkeskommunen samla kom ut med eit rekordoverskot på 136,8 mill. kr. Skolar har fått setje av overskot på til saman 19,6 mill. kr til disposisjonsfond, samstundes som opplæringssektoren samla hadde ei overskriding på om lag 12 mill. kr.

Ved årsskiftet stod det igjen totalt 198,9 mill. kr i disposisjonsfond. Dette utgjer 2,3 % av driftsinntektene.

**Investeringsrekneskapen**

Det vart investert for 3 338,9 mill. kr i eigedomar og utstyr. Revidert budsjett var 3 212,5 mill. kr. Dei viktigaste finansieringskjeldene for investeringane var lån (1 348,5 mill. kr) og bompengar (770 mill. kr.)

Når det gjeld meir detaljar om rekneskapen, viser eg til årsmeldinga og rekneskapshefte.

**Revisjonsmeldinga**

I revisjonsmeldinga, datert 7. april 2017, konkluderer revisor slik:

«Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til fylkeskommunen per 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.»

**Handsaming i kontrollutvalet**

Kontrollutvalet handsama årsrekneskapen i møte 08.05.2017. Saksførelegget følgjer som vedlegg til saka. I uttalen frå kontrollutvalet finn ein mellom anna følgjande oppsummering:

«Kontrollutvalet er for tredje år på rad uroa over at Hordaland fylkeskommune si lånegjeld har auka og ligg monaleg over Riksrevisjonen si tilråding. Den er 109,2 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd å ligga under 75 %. Disposisjonsfondet er noko lågt. Samstundes har fylkeskommunen eit driftsresultat for 2016 som ligg under tilrådinga frå TBU og godt under snitt for fylkeskommunar, trass i at same årsresultatet målt i kroner synest vera rimeleg bra.»

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 25.09.2017 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbettingsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2016 nr. 17 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2016.

### Disponering av overskotet

I følgje § 48 i kommunelova skal fylkestinget gjere vedtak om disponering av overskotet.

I budsjettet for 2016 vart det lagt vekt på å bremse veksten i lånegjelda. I vedtaket vart det teke inn følgjande punkt: «Fylkestinget godkjenner at 50% av framtidige rekneskapsoverskot vert sette av til finansiering av investeringar.» Ein gjer framlegg om at 68,4 mill. kr vert sett av til finansiering av investeringar, for å redusere låneopptak.

Som følgje av nye ferjekontraktar vil det i åra fram mot 2020 bli behov for relativt store investeringar i ferjekaiar, for å leggje til rette for lading av el-ferjer. Fylkesrådmannen gjer framlegg om at 40 mill. kr vert avsett til fond for investeringar i ferjekaiar.

Fylkesutvalet løyvde i sak 43/17 kr 750 000 til innsamling av herreløst avfall. I vedtaket er det sagt at «dersom årsrekneskapan for 2016 vert godkjend med overskot, vert beløpet ført attende til fylkesutvalet sin rådveldekonto.

Etter dette står det igjen 27,69 mill. kr, som fylkesrådmannen foreslår vert avsett til disposisjonsfond.

### Garantiar – vurdering av risiko

I sak om endringar i investeringsbudsjettet til fylkestinget i mars, nemnde fylkesrådmannen at ein i samband med sak om godkjenning av rekneskapan for 2016 vil gjennomgå garantiane fylkeskommunen har stilt og vurdera risikobiletet.

På fylkestinget i mars vedtok fylkestinget å garantera for lån på 3 mrd. kr til finansiering av Sotrasambandet.

Garantiar stilt av fylkeskommunen går fram av note 10 i rekneskapan for 2016. Ved utgangen av 2016 var garantisummen knapt 14,5 mrd. kr. Dei ulike selskapa hadde pr. same dato lånt for 9,7 mrd. kr. Bakgrunnen for differansen er i hovudsak at fleire store prosjekt er under arbeid og låneopptaket er dermed ikkje fullt ut gjennomført. I tillegg til summene ovanfor kjem garantien til Sotrasambandet på 3 mrd. kr.

Sidan alle garantiane fylkeskommunen har stilt, utanom ein mindre sum til Hordamuseet, gjeld bompengeselskap, har fylkesrådmannen innhenta ei risikovurdering for at garantiansvaret vert gjort gjeldande frå Statens Vegvesen. Vegkontoret har vurdert nedbetalingstida for bompengeprojekt som er i drift. Dette gjeld følgjande selskap:

- Austevoll bruselskap AS
- Fastlandssambandet Halsnøy AS
- Hardangerbrua AS
- Jondalstunnelen AS
- Voss og omland bompengeselskap AS

I tillegg har fylkeskommunen garantert for Kvam bompengeselskap AS, Bømlo vegselskap AS, Bergen bompengeselskap AS og Askøy bompengeselskap AS. Vegkontoret har ikkje vurdert desse garantiane fordi alle desse selskapa har bompengepakkar der investeringane lettare kan styrast slik at ein held seg innanfor vedteken ramme. Prosjekta i bompengepakane er heller enno ikkje ferdigstilte. Det same gjeld Bergen-Os bompengeselskap AS og Sotrasambandet (Sørvest bomvegselskap AS).

Statens vegvesen har med bakgrunn i selskapa sine rekneskapstal vurdert gjenstående innkrevningstid med tre ulike rentescenarior for selskapa sine lån – uendra rente, auke på 0,25% årleg og auke på 0,5% årleg til maksimalt 6,5% rente. Det er også gjort vurderingar der ein har lagt til grunn scenarior med uendra trafikk og eit med reduksjon i trafikken på 0,5%.

Statens vegvesen sine analysar viser at det ikkje er særleg risiko for at fylkeskommunen sitt garantiansvar vert gjort gjeldande. Før dette skal kunna skje, skal i tillegg innkrevningstida utvidast med 5 år.

Fylkesrådmannen viser til at det regionale bompengeselskapet, Sørvest Bomvegselskap AS, er under oppbygging. Opplegget er at fleire av selskapa som er nemnde ovanfor skal overtakast av dette selskapet og fylkesrådmannen kjem attende til innrettinga på dei fylkeskommunale garantiane i samband med dette arbeidet.